

Helse Stavanger HF
Postboks 8100, Postmottak
4068 Stavanger

v/administrerende direktør

Dykkar ref:

Vår ref:

2014/933 - 10547/2015

Sakshandsamar:

Haakon Totland 51872052

Dato:

10.06.2015

Oversending av rapport - internrevisjon av innkjøp i Helse Vest

Internrevisjonen i Helse Vest RHF viser til brev om oppstart av internrevisjon 09.10.2014. Vi takker for eit godt samarbeid undervegs i revisjonsarbeidet.

Om revisjonsprosjektet

Formålet med prosjektet har vore å undersøke om innkjøpsområdet i Helse Vest er underlagt ei målretta og effektiv drift, som etterlever lov- og forskriftsregelverket.

Vedlagt følger eit eksemplar av rapporten til kvart helseføretak.

Oppfølging

Administrerende direktør i helseføretaka har ansvar for at rapportane blir lagt fram for styret i føretaket utan unødig opphald. Styresaka skal innehalde ein handlingsplan frå administrerende direktør for oppfølging av dei tilrådingane som kjem fram av revisjonsrapporten.

Revisjonsutvalet har bedt om at det blir brukt ein mal som gjer samanlikningar på tvers og over tid mogleg. Denne forenkla tabellen kan nyttast:

IR si tilråding	AD si vurdering	Tiltak	Tidsfrist	Ansvar

Vedtatt handlingsplan skal sendast internrevisjonen etter behandling i styret. Vi vil følge opp etter ei tid med førespurnad om status på gjennomføring av handlingsplanen. Resultata av dette skal vi rapportere til revisjonsutvalget, og ein legg til grunn at administrerende direktør har tilsvarande rapportering til styret i helseføretaket.

Dersom føretaket i tilknytning til oppfølginga av rapporten ønskjer å invitere internrevisjonen til administrative møter seier vi ja til det. Vi viser til at tilrådingane i denne rapporten har fleire adressatar, og det kan vere ønskeleg at føretaka i Helse Vest har eit samarbeid i oppfølging av rapporten.

Vi ber også om å bli orientert om tidspunktet for styremøtet og ser i møte invitasjon til å presentere rapporten der.

Med vennleg helsing

Bård Humberset
leiar internrevisjon

Haakon Totland
internrevisor

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

All elektronisk post til Helse Vest skal sendes til postmottak: post@helse-vest.no